

- leggst for båtfest for 10 småbåtar innan for føremålet.
- 7.2.2 Småbåthamn SBH2 er knytt til U/N/B3 - U/N/B6. Det kan tilretteleggast for båtfeste for 20 småbåtar innanfor føremålet. Før etablering av småbåt - anlegg skal det etablerast parkeringsplass for kvar andre småbåt plass.
- 7.2.3 Båtplassane på innsida av den kommunale flytebrygga i SBH2 er avsett til gbnr. 141/1, 141/2, 142/1,142/2, 142/3,142/4 og 141/54. Båtplassar på utsida av den kommunale flytebrygga skal stå til rådvelde for gjestar til friluftsområdet. Fortøyning/opphald på gjesteplassane utover 24 timer samanhengande er ikkje tillete.
- § 7.3 **Uthus/Naust/Badehus**
- 7.3.1 U/N/B1-U/N/B6 er utbygde nausttomter. Det vert ikkje gjeve løyve for vidare utbygging av desse.
- 7.3.2 Innanfor U/N/B3 vert det gjeve løyve til etablering av eit naust i tillegg til det som alt er etablert. Eit nytt naust i naustrekkja må ha utforming, grunnflate (BYA) og mønehøgde som tilsvarar dei eksisterande nausta i rekkja. Maksimal størrelse for nauset er BYA 40m2. Maksimal byggehøgde 5.5 m.
- 7.3.3 Utnyttingsgraden for naustområda U/N/B1, 2, 4, 5 og 6 vert sett lik dagens.
- § 7.4 **Badeområde**
- § 7.4.2 Badeområdet BO1 skal kunne tilretteleggjast for bading primært for dei minste borna
- § 8 **Omsynssone**
(Pbl §12-65)
- § 8.1 **Frisiktsone veg**
- 8.1.1 I området med frisktline og veg, frisiktsone H140, skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgde av 0,5 over tilgrensande veg sitt plan.
- § 8.2 **Faresone – Ras- og skredfare**
- 8.2.1 Faresone H310 er område påvist av geolog som rasfare.
- § 8.3 **Faresone – Høgspenningsanlegg**
- 8.3.1 Faresone H370 er sikkerheitssone langs høgspenntraseen gjennom deler av planområdet.
- § 8.4 **Naturmiljø**
- 8.4.1 I delar av L14 og L15 er det eit våtmarksområde med ulik fauna. Området er avsett som naturmiljø med omsynsstatus – H560.
- § 8.5 **Kulturminne**
- 8.5.1 I delar av FO1 er det registrert kulturminne som er avsett til bevaring H570. Innanfor området kan eksisterande bygningar takast i bruk til føremål knytt til friområdet.
- 8.5.2 Nye bygningar innanfor FO1 kan etablerast om det legg til rette for bade- og fritidsaktivitetar.

TEKNISKE TENESTER
Rådmannen
Lindås kommune